Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jölster

Emne: Lauving

Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sv. Heggheim

Gard: Veiteberg / Heggheim

(adresse): Veiteberg

G.nr. 18 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Enno loggar ein litt her, – når ein er tidleg ferdig med slåtten. Reknar det vere godt for kreatura soleis årstødt, men elles helst naudfor. „Eg og far logga 3000 kjer eit år." sa 80åringen. Lauva meir enn ein plar under siste krigen. Men her i Stardalen og elles minkar det stygt med lauvskogen – meir dyrka mark etter kvart.
2. Etter slåtten her, ved barsok. No før (olsokk). Reikar lauv i akt. Rispar lauv til kvar tid i grisematen. Loggar bjørkekjerrar, selje, rogn, vid og ore. Hogg med store teigar oveskog og loggar
3. Loggar med sigd, avbrotne ljå på stutt skaft. Snele nyttar sume på Fonn (Stardal) og heime. Dei kan ein bøygje greine ned med. Elles er 'kje det vanleg her. Alm og ore (rogn) rispar ein og ber heim i høyhorg, forkledet eller sekk.
På lunde, helst av langorv – logga 3000 for året.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2214

2

4. Loggar kjöer og krampar, navar av selje, bjørk og rogn. Men helst vert trea logne ned, no. Litt bjørkestuvar finst enno (selje og hegg), men helst rogn (og almestuvar). Det går vel kring 10 år mellom kvar stuving (naving). Ein plukkar ofte rognelauv i navane om hausten og ber det heim i sekker saman med rognebæra. Stuvane var hevdaskog og fekk stå på böen.

5-6. Ein bar og köyrde lauvet heim so snart det var avdegt og sette det rundt i loa, på höystål i småhöyskot og på hjellen til turking og for vinteren. Ikkje serleg turking ute. Eirik Befring no over 90 år logga fjellbjörka under Bjørgja og bar ein timesveg på stölen og la det på fjøsklemmen saman med höyet og köyrde det heim om vinteren. Skulle vere slikt fraskt lauv det! Kjenner ikkje lauvdauna. Til lauvet i 100. 300 kjerv = 1 saue for gjennom året

7. Lauvar eller helst innmarka. I Kjösnesfjorden, Paulen og Vårdalen helst utmarka. Karane högg kvinner og born loggar og bind kjervane med bjørkeband, og karane köyrer heim (loggar òg)

8. Ein la gjerne eit par kjervar i stekksen til sauene 1/2 kjer på sauen. Osp, rogn, alm, ore godt lauv for kyrne. Bjørkelauvet gav til sauene.

2214
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | | | |
|---|---|---|---|
| Emnenr. | 9. | Fylke: | Sogn & Fjordane |
| Tilleggsspørsmålnr. | B. Rake lauv | Herad: | Jölster |
| Emne: | Lauving | Bygdelag: | Stardalen |
| Oppskr. av: | Sv. Myklebust | Gard: | Veiteberg |
| (adresse): | Veiteberg | G.nr. 18 | Br.nr. |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Å rake lauv, rake sorp (rakelauv, raka-lau).
2. Ein rakar først og fremst sorp, der ho veks. Ore-lauv bruka ein dagleg på Flatjorda so lenge oreskogen stod på flatene – godt for – ikkje berre vandfor. (På Klakken logga dei ore og so til geitsmalen). Bjørkelauv raka ein haust og vår helst til sorp (undebrølsje) når ein trøsjer
3. Rakar lauvet med rive, sopar det på tunet og i hagen
4. Vert koyrt heim på høysledd lest som høy, ell. i sekker (og samansydde til større teppe) forklede, stakken ell. høykorger (og saman bundne stakkar )
5. Kvinne og barnearbeid når det ikkje skulle høyrast, då.
6. Lauvet lagt i skotet, sorphuset på lo-dekket, i kornstaden og på små høyskotet og stålet like under taket.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2214

7. Ospelauvet vart blöytt
g strödt mjöl på og blanda
saman med anna rusk og
gjeve kyrne. Godt, grönt ore-
lauv brukt saman med agner
vart blöytt om kvelden og stod
so utan loge (og gjera) om natta
til frukost åt kyrne. Det lukta
då godt. Osp og rogn vart
blöytt om morgonen og låg til kvelden
og gjeve kyrne. Kyrne kunne
elles få eit lauvkjer kvar med
halm attåt, stundom. Ospa
logga ein og om hausten og skova
ut om vinteren. - Ungsmalen
geitene fekk orelauv og. Dei heldt
seg friskare då (Klebegg). På Hegg-
heim hadde dei slegt på Klebegg,
og fekk difor reise Våtedalen og
sanke lauv av alm i sekker.
Folk har no lite tid til å rake
lauv til for (om hausten), og
stundom er hausten so stutt ell. veret
so vått at det er mest uråd, soleis.
T.d. 1947 råka eg Jak. Heggheim: Men du
rakar lauvet vått! „Det gjer ikkje
noko," seir han og kona. „Lauvet turkar
i löa, dungen. - Då vert det best".
(Orelauv). Meir om logging:
Å logga - loggar - logga - loggar.
Gabriel Hus, Skei, loggar årstödt 1000 kjer.
mest bjørk til kyrne. Loggkjervane opp i
småbetar, blöytte rubb og stubb i 1½-2 dögn
og gav kyrne lauv og ved og loge. Gramen:
„Eg får 'kje ein gong mök av mine kreatur; men
du får både mök, mjölk og smör".

2214
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING